



Knut Vikør er eit levande leksikon om arabiske land

**Festidalen kom i år igjen med føredragskro og det kom 60 i gamleskulen for å høyra på kapasitetar av høg klasse - Knut Vikør, Torstein Monsen og Jørg Arne Jørgensen. Trioen tok for seg problematikken i Syria og Irak, Noreg og EU og tilhøvet mellom tru og vitskap og dei som var der fekk mykje god påfyll av kunnskap. Innslaget må difor få karakteren suksess og bør komma att neste år. Men tidsramma kan med fordel strammast noko inn for det er lenge å høyra ein time på eit føredrag.**

Monsen var ikkje minst fornøgd med oppgåva ettersom han trådte barneskoa sine her i dalen. Føredraget hans handla i stor grad om reservasjonsretten vår i samarbeidet med EU og vår framtidige plass i unionen.

Vikør er truleg landets fremste ekspert på arabisk kultur og politikk og innehar ein imponerande mengd kunnskap om denne delen av verda.

Det fekk vi i høgste grad inntrykk av ikveld og det er forståeleg at han har fått pris for sin kunnskap. Ein annan sak er om folk flest maktar å ta til seg dei komplekse samanhengane.

Ramma rundt møtet var avslappa og regien god og uformell. Det var også servering undervegs.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Monsen var på heimlege trakter